



ÅLESUND KOMMUNE

13 PLUSS

Tilsynstilbod etter skoletid for ungdom med nedsett funksjonsevne



Informasjon om 13pluss

13 PLUSS er eit tilbod for ungdom med funksjonshemming/nedsett funksjonsevne på ungdomstrinnet og ved vidaregåande skole i Ålesund kommune. Tilbodet vert knytt til ungdomsskolane i kommunen eller med privat ungdomsskole etter avtale eller vidaregåande skole etter avtale med Møre og Romsdal fylkeskommune.

13 PLUSS gir eit tilsynstilbod for elevar som ikkje kan ikkje vere utan tilsyn) før og/eller etter skoletid, og skal tilpassast den enkelte sine ønske og behov for eit trygt og meningsfullt opphald. Tilbodet blir gitt i eigne lokale eller i nærmiljøet.

Dersom ein ungdom i same tidsrom og med same formål som 13 PLUSS har vedtak om andre avlastningstenester i medhald av Lov om kommunale helse- og omsorgstenester, fell retten til 13 PLUSS bort.

Søknad og tildeling av plass

Du skal bruke søknadsskjema som på kommunen sine nettsider, eller vedlagte skjema.

Søknadsfrist er 30. april

For elevar på ungdomstrinnet: send søknad til den aktuelle skolen.

For elevar ved vidaregåande skole: send til Ålesund kommune, Koordinering og tildeling, Postboks 1521, 6025 Ålesund.

Det er Koordinering og tildeling som saksbehandlar og fattar vedtak om 13 pluss etter Helse- og omsorgstenestelova. Vedtak kan fattast for inntil 3 år.

Opphaldstid

Tilbodet kan gis som heildags tilbod 07.45-16.15 inklusiv transport, eller med redusert opphaldstid ved færre dagar pr. veke.

Ungdomsskole:

- opphaldstida er totalt 11 månader i perioden 1. august til 30. juni. Det vert gitt tilbod virkedagar med unntak av laurdagar, jule - og nyttårsaftan, i romjula og i påskeveka. Tilbodet er stengt alle heilagdagar, offentlege fridagar og 5 planleggingsdagar pr år.

Vidaregåande skole:

- opphaldstida er totalt 10 månader frå skolestart til skoleslutt etter skoleruta. Ved behov kan kommunen tilby eit supplerande tilbod i haust- og vinterferie, og i perioden 1. august til skolestart og frå skoleslutt til 30. juni.

Dersom ungdommen har vedtak om kommunalt døgnavlastningstilbod, fell 13 PLUSS bort i same tidsrom.

I ferietid vil det bli sendt ut spørsmål om behov, både med omsyn til dagar og om tidspunkt for opphaldstid. Ved behov for endringar i ferietid, skal det gis tilbakemelding til skole så tidleg som mogleg.

Eigenbetaling

13 pluss er gratis, men utgifter til mat, materiell og eventuelle aktivitetar vert fakturert med eit beløp på 500 kroner pr. månad.

Transport

Ungdomsskole:

Det er den enkelte skole som organiserer transport og koordinerer skoleskyss til den enkelte elev ut frå behov. Transport i ferie og på fridagar er ikkje dekt innan tilbodet 13+ og må organiserast av foreldra sjølve.

Vidaregåande skole:

Kvar enkelt må ut frå behov søke om transport til *Koordinering og tildeling*, når ein søker om 13pluss. Arbeid og aktivitet organiserer tilbodet. Transport er ikkje inkludert for supplerande tilbod i ferietid, og må organiserast av føresette sjølve

Lokale og bemanning

Tilbodet skal ha tilfredsstillande bemanning. Ungdomsskolane nyttar egne lokale, men kan også nytte aktivitetstilbod i andre lokale. Vidaregåande skole nyttar egne lokale, men andre lokale til supplerande tilbod i ferietid.

Oppseiing

Dersom tilbodet ikkje vert nytta ber vi om at plassen vert sagt opp minst 3 månader på førehand. Skriftleg oppseiing sendast til den aktuelle skole.

Kontaktinformasjon

Ålesund kommune	Telefon
Innbyggartorget, Ålesund rådhus	70 16 20 00
Koordinering og tildeling	70 16 22 00

.....



Søknadsskjema 13Pluss

Skolen sitt namn:		
Ungdommen sitt namn:		
Fødselsdato:		
Føresette sitt namn:		
Føresette sitt namn:		
Kontaktperson:	E-postadresse:	Tlf.:
Kontaktperson:	E-postadresse:	Tlf.:
Skolens namn:		
Behov for opphaldstid: (spesifiser tidspunkt på dagen, antall vekedagar)		
Behov for supplerande tilbud i ferietid – beskriv: (Gjeld elevar i vidaregåande skole)		
Merknader – særlege tilretteleggingsbehov: (ev. behov for skyss)		
Fakturaadresse: namn og postadresse:		
Anna informasjon:		

Dato:
Underskrift føresette:

For elever på ungdomstrinnet: send søknad til den aktuelle skolen.

For elever ved vidaregåande skole: send til Ålesund kommune, Koordinering og tildeling, Postboks 1521, 6025 Ålesund.